

---

**Fra:** Marianne Aadland Sandvik  
**Sendt:** 2. mars 2017 11:30  
**Til:** 'eirikbakke@hotmail.com'  
**Emne:** Vedr. spørsmål om oppføring av terrasse  
**Vedlegg:** 22-239sit.pdf

Hei

Viser til spørsmål om søknad i samband med oppføring av terrasse.

Ein markterrasse som på ingen punkt er over 0,5 meter over ferdig planert terreng er ikkje eit tiltak etter plan- og bygningslova (pbl), og difor heller ikkje søknadspliktig.

Så lenge deler av terrassen vil ha ei høgd på over 0,5 meter er heile terrassen eit tiltak etter pbl. Viss terrassen samla sett er under 15 m<sup>2</sup>, er tiltaket unntatt frå søknadsplikt. Er den over 15 m<sup>2</sup>, er den søknadspliktig i si heilhet. Ein terrasse på inntil 50 m<sup>2</sup>, som er i tilknytning til bustaden, kan du søkje om på eiga hand. Er terrassen frittliggjande kan den vere på inntil 70 m<sup>2</sup>. Er terrassen større enn dette, er utgangspunktet at eit ansvarleg føretak må søkje for deg. Kommunen kan vurdere å frita frå krav om ansvarsrett når vi har fleire opplysningar om tiltaket.

Ein skal måle frå ferdig planert terreng der terrassen skal plasserast. Men: fylling/planering av terrenget på inntil 1,5 meter frå eksisterande terrengnivå, med ein avstand til nabogrensa på minst 1 meter, er unntatt frå søknadsplikt. Dette inneber at du kan planere terrenget innanfor desse grensene, og så legge ein markterrasse som ikkje på noko punkt er over 0,5 meter, utan å søkje. Slik du har skissert det i e-posten vil terrassen i ditt tilfelle, sjølv med planering innanfor desse grensene, på det høgaste kome rundt 2 meter over terrenget. Då er terrassen i si heilhet søknadspliktig.

Du må gjerne sende inn kart med tenkt plassering og mål, og ei skisse over tiltaket, så kan vi vurdere det meir konkret i forhold til søknadsplikt. Eg legg ved eit situasjonskart du kan bruke.

Ta gjerne kontakt om noko er uklårt.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak  
Meland kommune  
e-post: [marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)

